

Slik gjennomfører du behandling mot skabb

Skabb forsvinn ikkje av seg sjølv, og skal alltid behandlast. Behandling av gravide, ammande og barn under to år bør gjerast i samråd med lege. Behandling av barn under to månader skal gjerast i samråd med legespesialist.

Varsle nærkontaktar

Du må gje melding til alle personar du har hatt tett hudkontakt med (statistisk sett lenger enn 15 minutt) den siste månaden. Det same gjeld personar som du deler sengetøy, tøy eller handdukar med. Nærkontaktane bør behandlast mot skabb samtidig som deg, uansett om dei har symptom eller ikkje. Døme på nærkontaktar:

- Personar i same hushald/kollektiv/rom eller bueining på institusjon
- Seksualpartnarar
- Treningspartnarar (dersom aktiviteten involverer tett hudkontakt)
- Leikekameratar til barn

Legemiddel

Benzylbenzoat og permetrin er begge reseptfrie legemiddel som kan brukast ved behandling av skabb. Om behandlinga ikkje verkar (sjå òg avsnitt på siste side), bør du kontakte lege som kan vurdere behov for bruk av andre legemiddel (også reseptpliktige), og eventuelt ein kombinasjon av legemiddel.

Legemiddel (varenummer)	Type	Tilrådd for	Mengde per innsmerjing*	Viktig informasjon
Benzylbenzoat emulsjon 100 ml (244363) 250 ml (338593)	Liniment*** på flaske	Vaksne og barn over 2 månader	Vaksne: 100 ml per behandlingsrunde Barn: 50 ml per behandlingsrunde	Reseptfri Er ikkje tilrådd til gravide og ammande Benzylbenzoat skal smørjast på i to omgangar for kvar av dei to behandlingsrundane Ein eldre type benzylbenzoat (varenr. 306021/322200) kan gje sterk svie på huda og er ikkje tilrådd til barn
Permetrin**	Krem 5%	Vaksne og barn over 2 månader	Vaksne og barn over 12 år: 30 g Barn 5-12 år: 15 g Barn 1-5 år: 7-8 g Barn 2 månader-1 år: 3-4 g	Kan kjøpast både reseptfritt og reseptpliktig Ammande bør vaske av kremen frå brystvorter før dei ammar. Påfør ny krem etterpå
Disulfram/benzylbenzoat 100 g	Liniment*** på tube	Vaksne og barn over 2 månader	Vaksne: 50-100 g per behandlingsrunde. Barn: 50 g per behandlingsrunde	Reseptpliktig

*Mengdeutrekninga er omtrentleg og avheng av kroppsoverflate, hårvekst med meir.

**Pakningsvedlegga for permetrin og disulfram/benzylbenzoat er utdaterte. Følg difor alltid framgangsmåten slik han blir beskriven i dette skrivet.

***Legemiddel i flytande form.

Fremgangsmåte for riktig behandling

Vær nøye med å gjennomføre behandlingsrunden slik ho er beskrevet nedanfor.

Hugs at du må **gjenta behandlingsrunden 7 dagar etter første behandlingsrunde**.

Før innsmørjing

Kryss av for kvar
behandlingsrunde

- | 1 | 2 | |
|-----------------------|-----------------------|---|
| ☐ | ☐ | Klipp og reins negler på fingrar og tær. |
| ☐ | ☐ | Dusj eller ta eit bad (vask deg nøye). |
| ☐ | ☐ | Tørk deg godt med handduk og la huda kjøle seg ned i minst 15 minutt. |

Ikkje påfør hudkremar eller andre kosmetiske produkt før eller under behandlingsrunden.

Innsmørjing

Legemiddelet kan setje flekkar på klede, baderomsutstyr og møblar. Stå difor gjerne på handduk, matte eller liknande ved påsmørjing.

- | 1 | 2 | |
|-----------------------|-----------------------|---|
| ☐ | ☐ | Smør eit tynt, dekkande lag over heile kroppen. Start ved hårfestet og jobb deg nedover. Hovudbotnen skal smørjast hos barn under 3 år. Smør òg hovudbotnen til eldre barn og vaksne om det er tydelege teikn på skabbangrep der. Berekn ekstra krem til hovudbotnen om du har mykje hår. Ved behandling av bleiebarn må du smørje bleieområdet på nytt etter alle bleieskift. Ved unormalt hyppig bleieskift må ein kontakte lege for råd om behandling. |

Unngå å få legemiddelet i augo og munnen. Hos barn kan ein verne augo med t.d. ein klut. Får ein legemiddelet i augo, må ein straks skylje grundig med lunkent vatn og mjuk stråle i minst 10 minutt. Kontakt Giftinformasjonen på telefon 22 59 13 00 om ubehaget held fram.

Hugs å smørje:

- | 1 | 2 | |
|-----------------------|-----------------------|---|
| ☐ | ☐ | Rygg (be om hjelp slik at du får smurt nøye) |
| ☐ | ☐ | Øyre (òg bak øyra) |
| ☐ | ☐ | Mellom fingrar, under negler og på negleband |
| ☐ | ☐ | Tær, mellom tær og under føter |
| ☐ | ☐ | Navle |
| ☐ | ☐ | Ytre kjønnsorgan (heile penis inkludert under forhuda hos menn og dei ytre kjønnsleppene hos kvinner) |
| ☐ | ☐ | Rundt endetarmsopning |

Bruker du benzylenbenzoat, må dette smørjast på huden i to omganger for kvar behandlingsrunde, slik at du får påført nok legemiddel over heile kroppen. Pass på at middelet er heilt tørt etter første innsmerjing (det tar vanlegvis ca. 10 minutt) før du smør på for andre gong.

Etter innsmerjing

- La legemiddelet verke i 24 timar. Forsøk å unngå tett hudkontakt med andre, slik at behandlinga får virke godt og du unngår å smitte andre.
- Hud som vert vaska eller desinfisert i løpet av dei første 24 timane må smørjast på nytt. Hugs å berekne litt legemiddel til etter handvask, bleieskift og lignande. Bruk gjerne eingongshanskar ved f.eks. toalettbesøk og oppvask for å sleppe å smørje på nytt.

Dette må du gjere medan behandlinga verkar i 24 timar:

1 2

- ☐ ☐ Vask alt av klede, handdukar, sengetøy og anna tøy som den smitta har brukt den siste veka på 60 grader, eller legg det bort i 7 dagar. Hugs òg kosebamsar og parkdress til barn, hanskar, luer og sko. Du kan òg drepe skabbmidden ved å fryse ned tekstil og gjenstandar i minus 18 grader (pass på at dei er heilt gjennomfrosne).
- ☐ ☐ Støvsug sofa, seng og liknande.
- ☐ ☐ Byt til reint sengetøy (før legemiddelet blir vaska av).
- ☐ ☐ 24 timar etter innsmerjing kan legemiddelet vaskast av.
- ☐ ☐ Bruk berre reint undertøy og klede som har blitt vaska på 60 grader, eller som ikkje har blitt brukte på ei veke.

Viktig! Gjenta heile prosedyren etter 7 dagar for å vere sikker på at skabben ikkje kjem tilbake. Du treng ikkje å være heime etter andre behandlingsrunde.

Sjølv ved vellykka behandling kan den som er smitta, oppleve kløe og utslett i 2–4 veker, og dessutan få fleire merke på huden. Dette kjem av reaksjonen til kroppen på skabb, men òg av sjølve behandlinga. Antihistamin eller ein svak kortisonkrem kan lindre kløen, og det får ein kjøpt på apotek. Kontakt lege dersom kløe og andre hudreaksjonar varar i over fire veker etter første behandlingsrunde.

Om behandlinga ikkje verkar

I nokre tilfelle verkar ikkje behandlinga. Det kan vere fleire grunnar til det:

- Legemidla fungerer ikkje like godt fordi skabbmidden har utvikla høgare toleranse mot dei.
- Du blir smitta på nytt av andre personar som ikkje har gjennomført behandling.
- Behandlinga er ikkje gjennomført på riktig måte.
- Feil diagnose – det er ikkje skabb som forårsakar hudproblema.